



Sogn og Fjordane fylkeskommune

## Regional plan for verdiskaping. Høring av planprogram

Sogn regionråd består av kommunane Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal og har følgjande innspel til framlegg til planprogram for verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane:

1. Val av plantema  
Ingen merknader.
2. Problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema  
Det bør generelt arbeidast med å sikre høgast mogeleg grad av lokalt eigarskap. Dette gir større tryggleik for langsiktig satsing og meir stabile næringar. Ikkje minst er tilgang på kapital og kompetanse viktig for gründerar og entreprenørar. Verkemiddelapparatet, både offentleg og privat, vil derfor vera ein viktig suksessfaktor for nye og eksisterande næringar. Infrastruktur, både elektronisk og vegar / ferjer, må ha sterk fokus og prioritet slik at regionane / fylket blir reelle store bu- og arbeidsområde. Det vil ha ein positiv påverknad på kompetanseutviklinga og attraktiviteten.
3. Medverknad i planarbeidet  
I tillegg til representantar frå næringane og fylke og kommune bør det vurderast å ta med yngre deltakarar / gründerar i det vidare planarbeidet.
4. Anna som vert vurdert som viktige innspel til planarbeidet  
Ingen merknader

Med helsing

Noralv Distad  
leiar  
(sign)

Karina Nerland  
dagleg leiar  
(sign)